



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

TENDEN MILJØ AS AVD STRYN
Stryn Miljøpark
6783 Stryn

Leikanger, 19.3.18

Dykkar ref.:
Dan Bø

Vår ref.(oppgi ved svar):
14/4410
Sakshandsamar:
Gøsta Hagenlund

Inspeksjonsrapport: Inspeksjon ved Tenden Miljø as avd. Stryn

Kontrollnummer: 2018.032.I.FMSF

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Dan Bø

Frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:
Gøsta Hagenlund

Andre deltakarar frå verksemda:
Olaf Bakke

Andre deltakarar frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:
Eline Orheim

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Tenden Miljø den 09.03.2018. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane avdekkja 1 avvik og ga 1 merknad under inspeksjonen.

Avvik:

- Verksemda manglar oppdatert finansiell garanti for mottak av farleg avfall

Merknader:

- Nokre få emballasjar for farleg avfall mangla deklarasjonsnummer

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 4 og utover i rapporten.

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

19.3.18	Gøsta Hagenlund	Dagny Alvik
dato	kontrollør	fagdirektør

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Kopi av rapporten skal sendast til:

- Stryn kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: TENDEN MILJØ AS AVD STRYN	
Organisasjonsnr.: 976505328	Eigd av: 976484770
Bransjenr. (NACE-kode): 38.110 - Innsamling av ikke-farlig avfall	

Kontrollert eining

Namn: Tenden Miljø as avd. Stryn – mottaksanlegget for farleg avfall	Anleggsnr.: 1449.0007.01
Kommune: Stryn	Fylke: Sogn og Fjordane
Anleggsaktivitet: Farlig avfall - mottak og mellomagring	
Løyve gitt: 4. april 2001	Sist endra: 6. januar 2012

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i ureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen inngår i Fylkesmannen sin aksjon for mottaksanlegg for farleg avfall.

Tilsynet ble gjennomført i medhold av ureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Utslepp til luft
- Utslepp til vatn
- Avfall

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Tenden Miljø as avfall pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, ber vi om at Tenden Miljø innan 15.4.2018 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avviket er retta.

Vi ber også om at verksemda innan same dato sender inn ei kort utgreiing av korleis merknaden er vurderte, eventuelt korleis dei vil verte følgde opp.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (fmsfpost@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane v/Gøsta Hagenlund.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 9. mars 2018. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i ureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter ureiningslova er fastsette i ureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Tenden Miljø as betale eit gebyr på kr 17 200,- for inspeksjonen, jf. ureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 3 for tilsyn av inntil en dags varigheit. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til ureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Verksemda manglar oppdatert finansiell garanti for mottak av farleg avfall

Avvik frå:

Utsleppsløyve datert 6.1.2012, avfallsforskrifta kap. 11, vedlegg 4, pkt. 4

Kommentarar:

Verksemda hadde på kontrolldagen ikkje kome heilt i mål med å ferdigstille finansiell garanti.

7. Merknader

Vi ga følgjande merknader under inspeksjonen:

Merknad 1

Nokre få emballasjar for farleg avfall mangla deklarasjonsnummer

Kommentarar:

Deklarasjonsnummer skal vere påført emballasje for farleg avfall seinast ved henting/levering frå avfallsprodusent, jf. avfallsforskrifta § 11-12.

Merk! Fylkesmannen er samd i at på samleemballasje for lagring av mange mindre leveransar, kan nummer ikkje praktisk merkast på emballasjen. For slik emballasje er det tilfredsstillande med følgjedokumentasjon der alle deklarasjonsnummer er lista opp (samdeklarering).

8. Andre tilhøve

Opprydding, inntrykk

Fylkesmannen var svært nøgd under synfaringa på anlegget. Anlegget framstår no som ryddig og velorganisert. Det var ikkje lukt, og vi kunne ikkje observere skjemmande tilhøve.

Mottaket for farleg avfall frå private og mindre næringsdrivande gav inntrykk av å vere veldrive. Merk! Vi kunne ikkje observere korleis mottaket faktisk vart drive då kontrollen var på ein dag det ikkje var opent for publikum.

Oppstilling av avfall for vidaretransport

På kontrolldagen sto det ein del avfall i friluft i påvente av henting. Avfallet var emballert og klargjort for transport, og sto ryddig oppstilt i eit avgrensa område. Fylkesmannen bemerka under synfaringa at det er viktig at plassering av avfall for lasting vert gjort på ein ryddig måte og utan å kunne skape til dømes fare for påkjørsel m.m.

Lagringstid

Etter siste lovendring vart det etter vedlegg 4 til kap. 11 i avfallsforskrifta generelt tillate å lagre motteke farleg avfall i inntil 12 månadar. Fylkesmannen stadfester med dette at vi samtykker i at Tenden Miljø as kan lagre motteke farleg avfall i inntil 12 månadar – så fremt lagringa er forsvarleg, og det ikkje er fare for fysiske eller kjemiske endringar av avfallet som kan føre til fare for ytre miljø eller lage vanskar for vidare/slutt handtering. Vi vil endre vilkår 3.4 i utsleppsløyve ved neste revisjon av vilkåra.

Datomerking

Verksemda viser god oversikt over motteke og lagra farleg avfall. Vi har erfart at oversikten på dei fysiske lager på anlegget kan verte endå betre dersom det rutinemessig vert påført dato på emballasjen når den vert motteke eller ny samleemballasje vert teke i bruk.

Mellomlager

Verksemda er merksam på at det kan forekome at transport inn til anlegget av farleg avfall kan ha mellombels stopp undervegs. Merk at dersom slik stopp til vanleg varar i meir enn 24 timar, krev det løyve i samsvar med § 11-6, jf. krav til transporttid i § 11-14.

9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (ureiningslova) med underliggjande forskrifter
- Forskrift om begrensning av forurensning (ureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter ureiningslova frå Fylkesmannen

10. Informasjon til verksemda

Regelverk som det vart informert om:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (ureiningslova)
- Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldlova)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)

Brosjyrar/infoark vart utdelte:

- Gebyr ved kontroll (TA-2608)